



Fylkesmannen i Hordaland

Sakhandsamar, innvalstelefon
Jon Fjeldstad, 5557 2254

Vår dato
20.12.2016
Dykkar dato

Vår referanse
2016/7744 632.1
Dykkar referanse

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Risikovurdering - Lindås kommune sitt forsvarlege system - opplæringslova § 13-10

Bakgrunn og hensikt

Skuleeigar er ansvarleg for at lov og forskrift blir følgt, jf. opplæringslova § 13-10 første ledd. Konsekvensen av brot på lova som Fylkesmannen finn i tilsyn, er at skuleeigar skal sørge for at lovbrota blir retta for å sikre at regelverket blir etterlevd.

Innrettinga av felles nasjonalt tilsyn i dag peiker ikkje direkte på at ein medverkande årsak til brot på regelverket kan vera at skuleeigar ikkje har eit godt nok system til å følgje opp skulene, jf. opplæringslova § 13-10 andre ledd. Utdanningsdirektoratet har derfor ønskt ei endring av tilsynet, slik at Fylkesmannen kan utvide tilsynet dersom funn tilseier at det er trong for ein kontroll med kommunen sitt forsvarlege system. Utdanningsdirektoratet vil avgrense omfanget av undersøkingar på skulegarnivå, slik at det berre skjer når Fylkesmannen vurderer at risiko for manglar i systemet er høg.

Fylkesmannen i Hordaland varsla Lindås kommune om felles nasjonalt tilsyn i brev datert 8. juni 2016. I varselet skreiv Fylkesmannen:

«Fylkesmannen vil gjennomføre tilsyn med desse skulane med tema:
Ostereidet ungdomsskule: Skulen sin arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa
Skulebasert vurdering
Forvaltningskompetanse
Knarvik barneskule: Forvaltningskompetanse

Det er Lindås kommune som har det overordna ansvaret for at krava i opplæringslova blir følgt, jf. opplæringslova § 13-10 første ledd. Fylkesmannen varsla med dette om at tilsynet kan bli utvida med eit tilsyn med Lindås kommune sitt forsvarlege system for vurdering av om krav i opplæringslova og forskrift til lova blir oppfylt, jf. opplæringslova § 13-10 andre ledd.»

Fylkesmannen si vurdering

For at systemet skal vere forsvarleg, må kommunen bruke informasjonen den innhentar om eigen praksis til å vurdere om praksisen er i samsvar med opplæringslova med forskrift og forvaltningsrett. Kommunen må vite kva krav regelverket stiller på ulike område, og må ha ei

riktig forståing av krava. Dette betyr at kommunen må skaffe seg tilstrekkeleg regelverkskompetanse.

Kommunen må sette i verk eigna tiltak for å rette opp eigen praksis når praksis ikkje er i samsvar med regelverket. For at tiltak skal vere eigna og gi varig endring, må dei vere innretta slik at dei bidrar til at lovbrotet ikkje skjer på nytt. Ei årsak til brot på regelverket kan vere at dei som gjennomfører eller forvaltar grunnskuleopplæringa, ikkje har tilstrekkeleg kunnskap om regelverket. Ei anna årsak kan vere at dei manglar kompetanse i å bruke regelverket i praksis. Kommunen må i slike tilfelle vurdere og eventuelt setje i verk tiltak for å auke kunnskapen eller kompetansen.

Vidare må kommunen følge opp at tiltaka faktisk fører til endra praksis i samsvar med krava i regelverket, slik at endringane blir reelle og varige. Dette betyr at kommunen både må hente inn informasjon om at tiltak blir sett i verk, og at dei verkar i samsvar med intensjonen. Kommunen må følgje opp heilt til praksis på det gjeldande området er blitt i samsvar med opplæringslova med forskrifter.

Fylkesmannen skal vurdere om risikoen for manglar i systemet er høg. Fylkesmannen si risikovurdering av Lindås kommune sitt forsvarlege system har grunnlag i tilsynet med Ostereidet ungdomsskule og Knarvik barneskule. Fylkesmannen har ikkje vurdert andre delar av kommunen sitt forsvarlege system.

Lindås kommune har gjort ei eigenvurdering av korleis kommunen oppfyller krava i opplæringslova § 13-10 andre ledd om forsvarleg system. Rektorane ved Ostereidet ungdomsskule og Knarvik barneskule har svart på spørsmål i det elektroniske systemet RefLex om skuleeigar har eit forsvarleg system knytt opp mot kvar sin skule.

Fylkesmannen sendte ut førebelse tilsynsrapportar til kommunen 29. november 2016, og gjennomførte sluttmøte med kommunen og skulane 1. desember 2016. Tilsynet avdekte lovbroter på tilsynstema «Skulens arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa» og «Forvaltningskompetanse».

Lindås kommune har 8. desember 2016 sendt inn ein uttale til dei førebels rapportane. Gjennom eigenvurderingane frå skuleeigar og rektorane og tilbakemelding på førebelse rapportar har kommunen gjort greie for systemet sitt for å skaffe seg informasjon frå skulane, vurdere om skulane følgjer regelverket og korleis kommunen følgjer opp at praksis på skulane er i tråd med lovkrav. Desse tilbakemeldingane viser vilje og evne på kommunalt nivå til å utvikle eit system som er forsvarleg.

Tilsynet avdekte fleire lovbroter på begge skulane, særleg på forvaltningskompetanse. Etter Fylkesmannen si oppfatning er årsaka noko mangelfull kompetanse om lov og regelverk på forvaltningsområdet både på skule- og kommunenivå. Uttalen frå kommunen om dei førebelse rapportane inneheld ein del døme på nye malar for vedtak, samtykke og varsel. Fylkesmannen vil peike på at malane framleis ikkje er heilt i tråd med regelverket, og kommunen bør ta ein ny gjennomgang av desse.

I eigenvurderinga som kommunen sendte inn i forkant av tilsynet skriv kommunen følgjande:
Ut frå nyleg gjennomført stikkprøve i høve til enkeltvedtak om spesialundervisning, har

skuleeigar vurdert at det er behov for eit samla kompetanseløft innafor dette feltet. Det er sett av to dagar til kurs om forvaltningskrav til ulike enkeltvedtak for skuleleiarar som fattar slike enkeltvedtak. Dette gjeld i hovudsak rektorane, men også nokre inspektørar ved dei største skulane.

Kommunen skriv i uttalen til førebelse rapportar at skuleeigar er oppteken av å sikre tilstrekkeleg forvaltningskompetanse hos alle rektorane, og har derfor sett i verk tiltak på feltet. Mellom anna vil det vil bli gjennomført to kursdagar for denne gruppa om forvaltningskompetanse. Etter dei to kursdagane vil skuleeigar følgje opp rektorane, be om døme på vedtak, gjennomføre stikkprøvar og leggje til rette for erfaringsdeling og læring i rektormøta. Skuleeigar vil følgje opp temaet til ein ser at ein har oppnådd ønska forvaltningspraksis.

Fylkesmannen sin konklusjon

Fylkesmannen konkluderer med at resultatet av undersøkingane viser at risikoen for manglar i systemet ikkje er høg. Fylkesmannen vil derfor ikkje på det noverande tidspunktet utvida tilsynet med Lindås kommune sitt forsvarlege system etter § 13-10 andre ledd i opplæringslova.

Med helsing

Grethe Fjeld
seniorrådgjevar

Jon Fjeldstad
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.